


7.11.2013

SKJEMA FOR INNSPEL TIL AREALBRUK I FUSA KOMMUNE

Arealdelen til kommuneplan for Fusa 2015-25

Frist for innlevering av innspel: 3.1.2014



INNSPEL TIL AREALDELEN TIL KOMMUNEPLAN FOR FUSA 2015-2025

Innspel til arealdelen må følgja denne malen. Målet med malen er å danna utgangspunkt for konsekvensutgreingar etter krava i plan- og bygningslova kap. 4. Kommunen er ansvarleg for at det vert gjort konsekvensutgreingar. Dersom det vert behov for supplerande fagutgreingar i høve til byggeområde som ein vurderer å ta inn i kommuneplanen, kan forslagsstillar verta beden om å skaffa nødvendig dokumentasjon.

Arealdelen til kommuneplanen er ein overordna plan. Gjennom planprogrammet har kommunestyret bestemt at arealdelen skal reviderast for 11 tema, som følgjer nedanfor. Innspel som ikkje fell inn under desse, kan ein ikkje venta å få vurdert under denne rulleringa av arealdelen.

Alle innspel til nye arealføremål må innehalda kart som viser avgrensinga av arealføremålet i så dekkande målestokk som mogleg. Kartet må innehalda eigedomsgrenser og vera basert på best tilgjengelege basisdata. Kartgrunnlag kan t.d. hentast frå heimesida til Fusa kommune. Innspel skal leverast saman med skjemaet nedanfor, som må vera fylt ut så langt som råd. Skjemaet spør etter opplysningar som har ulik relevans for ulike arealføremål. Evt. spørsmål kan rettast til Fusa kommune v/arealplanleggjar Helle H. Bruland.

RETNINGSLINER FOR INNSPEL TIL AREALBRUK I FUSA KOMMUNE

1. Senterstruktur og tettstadutvikling

- Det vert laga ein eigen områdeplan for kommunesenteret Eikelandsosen. Innspel som gjeld områdeplanen (= det som er definert som senterområde sør for Koldalselva i eksisterande arealplan: Leiro og Neset) må koma når arbeidet med denne er starta opp – ikkje i samband med arealplanarbeidet.
- Vi ønskjer innspel til tiltak **utanfor** områdeplanen.
- Vi ønskjer innspel til tiltak som kan styrkja sentrumsfunksjonane i bygdene.
- Tiltaka må vera i tråd med retningslinene for tema 2-11.

2. Bustadområde

- Det skal leggjast til rette for byggefelt sentralt (gang- og sykkelavstand) i høve til sentrumsfunksjonar i bygdene (skule, barnehage, butikk, fritidsaktivitetar).
- Bustadbygging skal i hovudsak skje langs hovudvegane i kommunen.
- Det skal satsast på fortetting i eksisterande buområde.
- Bustadbygging skal skje mest mogleg på areal som er lite dyrkbare.
- Spreidd utbygging kan skje der eksisterande infrastruktur kan nyttast, utan at dette medfører nye avkøyrslar frå riks- eller fylkesveg, eller avgang på dyrkbart areal.
- Det er ønskeleg med varierte bumiljø – både einestader og bustader med fleire husvære/leilegheiter av ulik storleik til ulike husstandar og aldersgrupper.
- Det skal leggjast til rette for bustadområde med nærleik til sjø
- Det kan vera aktuelt å gjera ei ny vurdering av område i eldre arealplan som har vore disponert til utbygging i fleire år utan at utvikling har skjedd.

3. Fritidsbygg

- Utvikling av hyttetomter skal skje innafor eller tett tilknytt allereie utvikla område, der eksisterande infrastruktur kan nyttast, utan at dette medfører nye avkøyrslar frå riks- eller fylkesveg, eller avgang på dyrkbart areal.

- Hytter skal ikkje planleggjast i konflikt med næringsareal og landbruk, eller med funksjonell strandsone (kart for kjerneområde landbruk og funksjonell strandsone ligg på heimesida www.fusa.kommune.no).
- Hytter skal ikkje blandast med bustadområde.
- Vi vil vurdere mogelegheita for hytter i felt i fjellet under tregrensa
- Småbåthamner og småbåtanlegg er eit alternativ til naust

4. Areal til friluftsliv/friluftsområde

- Vi ønskjer innspel til areal til friluftsliv (t.d. turstiar i nærmiljøet) i alle bygder.
- Vi ønskjer innspel til offentlege friluftsområde ved sjø (t.d. badeplassar) i alle bygder.

5. Infrastruktur og transport

- Vi ønskjer innspel til gang- og sykkelveggar i nærmiljøa og trafikksikringstiltak for mjuke trafikkantar i bustadområde, kring skular, barnehagar og idrettsanlegg.
- Vi ønskjer innspel til infrastruktur for sjøtransport og maritim næring (farleier, hamneområde, småbåthamner, offentlege kaier).

6. Næringsareal- og industriareal

- Vi ønskjer innspel til næringsareal både på land og sjø (havbruk).
- Næringer det skal satsast på i tråd med Hordaland Fylkeskommune sitt regionale utviklingsprogram (RUP): energi, marine næringer, maritime næringer, reiseliv, kulturnæringer og landbruk.
- Næringer som krev mykje transport, bør liggja langs hovudvegane i kommunen eller ved sjø.
- Detaljhandel bør i hovudsak etablerast i tilknytning til kommunesenteret eller lokalsenter.
- Nytt næringsareal må leggjast slik at stegvis utviding vert mogeleg.
- Vi ønskjer innspel til offentlege kaier.

7. Akvakultur

Vi ønskjer innspel til følgjande problemstillingar:

- Storleik på akvakulturområde kring eksisterande lokalitetar.
- Gjennomgang av om eksisterande akvakulturlokalitetar er eigna.
- Mogelege nye akvakulturområde.
- Fortøyning og ankerfeste til oppdrettsanlegg.
- Akvakulturområde som tangerer område avsett til fiske.
- Fortøyningar frå oppdrettsanlegg som ligg i nabokommunar.

8. Landbruk

- Vi ønskjer innspel til kjerneområde både for landbruk og for skogbruk.
- Vi ønskjer innspel til skogsveggar i kombinasjon med friluftsliv.

9. Strandsone

- Vi ønskjer innspel til større tiltak i strandsona, som t.d. område for bustader/fritidsbustader, næringsområde, felles båthamner, naustområde, reiselivsbygg, sikring av friluftsområde/friareal/badeplassar m.m.
- Innspel må vera i tråd med funksjonell strandsone (kart på heimesida www.fusa.kommune.no under <Lokaldemokrati> arealplan).

10. Naturmangfald

- Vi skal sikra verneområde av nasjonal verdi og setja av omsynssoner rundt verneområdet på Vinneseleiro.
- Femangerelva er verna mot kraftutbygging, og skal sikrast ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget.
- Kommunen har eit særskilt ansvar for å ta vare på truga artar, og vil setja av omsynssoner rundt gyte- og oppvekstområde for kysttorsk og storaure og kjende lokalitetar med elveperlemusling.
- Vi ønskjer innspel til viktige fiskeområde, gyteområde og område med marint biologisk mangfald, som må tilleggjast særleg vekt ved planlegging av areal til utbygging i strandsona og langs vassdrag.
- Innspel til arealbruk generelt må ikkje koma i konflikt med naturvernområde og naturmangfaldslova.

11. Kulturminne

- Vi ønskjer innspel til kulturvernområde (t.d. verneverdige stølsmiljø, sjøbruks- og naustmiljø).
- Vi skal sikra verneområde av nasjonal verdi og setja av omsynssoner rundt verneområdet i Kikedalen.
- Innspel til arealbruk generelt må ikkje koma i konflikt med verneverdige kulturminne, jf. Kulturvernplanen og kulturminnelova.


Nytt disse lenkjene til utfylling av skjema:

Avklar høve til kommuneplanens arealdel her:


<https://www.fusa.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=17&Filld=132&back=1&MId2=62>

GisLink er eit nettbasert kartverktøy som kan nyttast for å hente ut kart med eigedomsgrenser, informasjon om natur, kultur og vernetilhøve. Kartet har òg målefunksjonar og moglegheit for teikning og skrivning direkte i kart: <http://www.gislink.no>

Opne linken, zoom til ditt område. Trykk inn på **Tema og datakilder** øvst på fanen.



Trykk på **Vis temadataliste**. I menyen til venstre dukkar det no opp kartlag med informasjon som skal nyttast til utfylling av skjema. På eksempelet over visast kartlaget **Art naturbase** og **Naturtyper frå dirnat**. På kartet visast dette med eit skravert område som er merka **Svært viktig**. Slik informasjon fyllast inn i skjema under del 2.



Under **Utskrift og tegn** finn du moglegheit for å teikne og skrive direkte i kart om du ynskjer det. Over visast eit eksempel (markert med raudt polygon) frå Eikelandssosen. Under kartinformasjon finn du målefunksjon for **Avstand** og **Areal**. Nytt gjerne avstandsmålet til å måle avstand til strandsoner, gang- og køyreavstand til butikk, skule, barnehage, friluftsområde, buss osv. Når du er ferdig kan du **Eksporthere kartbildet** til eigen maskin, og sende det som vedlegg til innspelet elektronisk, eller **Skrive ut kart** og sende i papirformat.

Lukke til!

SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2015 – 2025.

Namn på forslagstiller: Dato:

Stadnamn..... Gnr: Bnr:

Telefon..... E-post:

Postadresse

Frist for innspel er sett til 03.01.2014. Sett kryss for kategori innspelet fell under(ein eller fleir):

Senterstruktur og tettstadutvikling	Bustadområde	Fritidsbygg
Areal til friluftsliv/friluftsområde	Infrastruktur og transport	Landbruk
Nærings- og industriareal	Akvakultur	Kulturminne
Strandsone	Naturmangfald	Anna

1 GENERELLE OPPLYSNINGAR	JA	NEI
---------------------------------	-----------	------------

1.1	Beskriving av tiltaket / Kva arealformål omfatter innspelet?		
1.2.	Kor stort areal omfattar innspelet?		
1.3	Er innspelet eit fortettingsprosjekt/utviding av eksisterande område/tiltak?		
1.4	Er innspelet eit enkelttiltak?		
1.5	Er innspelet eit større tiltak i strandsona? (t.d. område for bustader, næringsområde, felles båthamner, naustområde, reiselivsanlegg, større friluftsområde, friareal, badeplassar m. m.)		
1.6	Ligg tiltaket nærare sjø enn 100 meter?		
1.7	Ligg tiltaket i forslag til funksjonell strandsona? (Kart på heimesida, under < lokaldemokrati> arealplan)		
1.8	Vil tiltaket kunne gjennomførast i planperioden(4 år)?		

Dersom **NEI**: Kva er gjennomføringsperspektivet?

1.9	Kva er arealstatus for planområdet i gjeldande kommuneplan?		
-----	---	--	--

1.10	Berørar innspelet omsynssoner i gjeldande arealdel til kommuneplan?		
------	---	--	--

Dersom **JA**, spesifiser:

2 KULTUR- OG MILJØVERNINTERESSAR I PLANOMRÅDET		JA	NEI
2.1	Har området nærleik til kartleggingar under Art naturbase eller Verneområde vist i GisLink?		
Dersom JA , spesifiser:			
2.2	Har området nærleik til naturtyper fra Dirnat (utvalgte naturtyper/alle naturtyper) vist i GisLink?		
Dersom JA , spesifiser:			
2.3	Berører planområdet Kulturlandskap eller INON – Inngrepsfrie naturområder vist i GisLink?		
2.4	Ligg planområdet nærare enn 100 m frå vassdrag(elv, bekk, vatn) med årsikker vassføring?		
Grønstruktur og friluftsliv		JA	NEI
2.5	Har området nærleik til Friluftsområde/Friluftsliv statlig sikra vist i GisLink? (eller anna nærfriluftsområde/ større samanhengande friluftsområde som ikkje er merka i kart)		
2.6	Vert heile eller delar av området nytta til friluftsliv, fysisk aktivitet/trening og/eller rekreasjon – eller har området potensiale for slik bruk?		
2.7	Vil planen bryte viktige deler av grønstrukturen (grøne korridorar, adkomst til sjø osv.)?		
Kommentarar:			

Kulturminne og kulturmiljø:		JA	NEI
2.8	Er det arkeologiske kulturminne, freda bygningar, kulturmiljø eller SEFRAK – registrerte bygg i planområdet? (sjekk SEFRAK og Askeladden i GisLink for kartlegging i ditt område)		
Dersom JA , spesifiser:			
2.9	Er det lokalisert <i>automatisk freda kulturminne</i> nærare enn 100 m frå planområdet? (t.d. gravrøyser og liknande som ikkje er merka i kart)		
Dersom JA , spesifiser:			
2.10	Er det andre kulturverdiar i planområdet? (for eksempel ferdselsvegar, steingardar osv. som ikkje er merka i kart)		
Dersom JA , spesifiser:			
Landskapsomsyn og estetikk		JA	NEI
2.11	Beskriv kva for landskapsmessige konsekvensar gjennomføring av innspelet kan føra til:		
2.12	Vil tiltaket påverke landskapsrom utover planområdet(fjernverknad, silhuettverknad for større omland)		
Eventuell nærare beskriving av landskapsutfordringar og evt. mogelege avbøtande tiltak:			
Grunnforureining/ forureinande sediment i sjø		JA	NEI
2.13	Berører planområdet registrert lokalitet med forureina grunn? http://grunn.miljodirektoratet.no/		
Dersom JA , oppgi lokalitetsnummer:			

2.14	Er det andre kjente lokalitetar med forureina grunn / forureinande sediment i planområdet, eller potensiale for grunnforureining?		
Dersom JA , spesifiser:			
2.15	Har det tidlegare vore drevet verksemd i området?		
Dersom JA , spesifiser type og varigheit:			
Kommentarar:			

3 STØY		JA	NEI
3.1	Er planområdet utsett for støy frå vegtrafikk, skytebaner, industri eller anna?		
Dersom JA , spesifiser:			
3.2	Er det, eller planleggast det <i>støyfølsom</i> arealbruk i området? (bustader, helseinstitusjonar /skule/barnehage og liknande)		
Dersom JA , spesifiser:			
3.3	Planleggast det etablering av støyande verksemd i området?		
Kommentarar:			

4 LANDBRUKSINTERESSER		JA	NEI
4.1	Har området nærleik til dyrkbart areal/dyrka mark?		
Dersom JA , oppgi avstand:			
4.2	Fører tiltaket til avgang på dyrkbart areal?		
Dersom JA , oppgi arealet som vert berørt:			
4.3	Kjem planen i konflikt med jordverninteresser (nærare dyrka mark enn 30 m)?		

4.4	Er det spesielle skogbruksinteresser innafor området?		
Dersom JA , spesifiser:			
4.5	Vil planen påvirke atkomsten til og frå driftsmogelegheitene på tilstøytande skogareal?		
Kommentarar:			

5 KLIMA		JA	NEI
5.1	Har området gang/sykkelavstand til senterfunksjonar, skule, barnehage, busshaldeplass og nærbutikk?		
5.2.	Kva er avstand(i Km) til næraste;		
Senter(kommunesenter/lokalsenter)			
Skule:			
Barnehage:			
Busshaldeplass:			
Nærbutikk:			
5.3	Er det tilbod om kollektivtransport i området i dag?		

6 BARN OG UNGES INTERESSER		JA	NEI
6.1	Er deler av området i dag i bruk til barns lek vinter/sommar, eller har området potensiale for framtidig bruk?		
Dersom JA , beskriv nærare bruk, samt mulig erstatningsareal i nærområdet:			
6.2	Er deler av området i bruk til undervisningsrelaterte formål for skule/barnehage?		
Dersom JA , kva for område planleggjast til erstatningsareal?			

6.3	Vil skulevegen vere trafikksikker? Gje ei kort beskriving:		
6.4	Vert deler av området nytta som tilkomstveg til skule/barnehage?		
Dersom JA , gjer greie for alternativ eller moglegheiter for avbøtande tiltak/tilrettelegging:			
Kommentarer:			

7 SAMFUNNSIKKERHEIT OG BEREDSKAP		JA	NEI
7.1	Er området flomutsett?(Sjekk FlomAktsohmensKart under Faresoner frå NVE i GisLink, merk og zoom til ditt område)		
7.2	Ligg det føre risiko for ulike typar ras eller steinsprang?		
Dersom JA , spesifiser:			
7.3	Er det høgspent i området?		
7.4	Vil gjennomføring av tiltaket føra til at det genererast så stor trafikk igjennom tilgrensende områder at tiltak må iverksetjast?		
7.5	Kan tiltaket vere til fare/skade/ulempe for omliggjande areal?		

7.6	Kan aktiviteter på tilgrensande område vere til fare for ønskt arealformål? (giftig avfall, lagre av giftige stoff, støyande og/eller støvande verksemdar, eksplosjonsfarlege lagre, bedrifter med eksplosjonspotensiale for farlege utslepp osv.)		
7.7	Ligg tiltaket i nedslagsfelt til drikkevasskjelder eller kan tiltaket få konsekvensar for drikkevasskjelder?		
Kommentarar:			

8 TEKNISK OG SOSIAL INFRASTRUKTUR		JA	NEI
8.1	Kan eksisterande vass- og avlaupssystem betjene ny utbygging som følgje av innspelet?		
8.2	Er det behov for legging av ny, heving av kapasitet, pumpestasjon eller anna knytt til vatn og avlaup?		
Dersom JA , spesifiser:			
8.3	Kva er avstand til næraste offentlege vass-/avlaupsnett?		
8.4	Er det behov for enten ny veg eller anna infrastruktur, for eksempel gang/sykkelveg eller busslomme?		
Dersom JA , spesifiser:			
8.5	Krev tiltaket ny avkjørsle frå fylkesveg eller kommunal veg?		
Dersom JA , spesifiser:			

8.6	Er det behov for utbetring / standarheving /kapasitetsheving veg/kryss eller anna infrastruktur?		
Dersom JA , spesifiser:			
8.7	Beskriv løysing for strømforsyning:		
Kommentarar:			

Andre opplysningar:
